

# Reglement for Åmli kommune sitt ordførarkjede

## Oppbevaring av ordførarkjede

Åmli kommune sitt ordførarkjede er donert til kommunen og er kommunen sin eidegom. Åmli kommune har forplikta seg til å halde kjede forsikra og på alle måtar i hevd. Når det ikkje er i bruk skal det vere plassert i kommunen sin safe i kommunen sin hovudadministrasjon. Dersom kommunen skaffar seg eit monter, skal utforming og fargar tilpassast kjede.

## Bruk av kjede

I tillegg til sunt skjønn gjeld denne "rettleininga":

1. Intensjonen er at ordførarkjede skal symbolisere kommunen sin fremste representant sin verdigkeit i utøvinga av si gjerning som ordførar i høgtidlege samanhengar.
2. Kjede brukast når ordførar representerer Åmli kommune ved offisielle og høgtidelege besøk til kommunen.
3. Kjede kan berast ved høgtidelege tilstellingar som ordførar er invitert til utanfor kommunen.
4. Kjede skal brukast ved overrekking av utmerkingar som til dømes Åmli kommune sin kulturpris.
5. Kjede skal berast og overrekkjast ved skifte av ordførar.
6. Kjede berast utanpå pent og korrekt antrekk.
7. Kjede er eit fargerikt "smykke", og val av fargar, klede, smykke, slips og liknande må tilpassast kjede.
8. Kjede skal normalt ikkje berast saman med uniform.
9. Kjede skal ikkje berast saman med dekorasjonar, ordnar, medaljar, heidersteikn, utmerkingar og liknande.
10. Kjede skal ikkje berast ved ordinære kommunestyremøte.
11. Kjede skal normalt ikkje berast utanpå ytterklede.
12. Kjede skal berast slik at det "balanserar" på skuldrene (like mye vekt bak som foran).

## Forvaltning av kjede

- Ø Rådmannen har det administrative ansvaret for forvaltinga av kjede.
- Ø Reingjering og vedlikehald skal utførast av kvalifisert personell.
- Ø Modernisering og/eller endringar kan ikkje gjerast utan samtykke frå kunstnaren.
- Ø Skulle kjede bli stelt, brannskadd eller på annan måte vesentlig gjort ringare, pliktar kommunen å skaffe eit nytt kjede som er mest mogleg identisk det opphavlege kjede. Nødvendige arbeidsteikningar og beskrivingar skal derfor oppbevarast på forsvarleg måte av Sparebanken Sør.
- Ø Ved eventuelle endringar i kommunestrukturen som gjeld Åmli kommune, skal Sparebanken Sør bestemme framtidig bruk og forvaltning av kjede.